



Statens vegvesen

Notat

Til: Even Hjelle
Frå: Geofag DogV v/Jens Tveit
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Jens Tveit - 57655949

Oppdrag:	Vurdering av situasjon etter steinsprang		Dok. nr. i Mime:	
Oppdragsgivar:	Drift vest 2 v/Even Hjelle		Dato:	25.02.2021
Planfase:	Drift	Arkivkode:	460	Rapportnummer: 13637-SKRED-3
Kommune:	Stad	Vegnr.:	Rv15	SD: S24D1 Km: 5,050
UTM 32V ref.:	EUREF 89		Geoteknisk kategori:	
Utarbeida av:	Jens Tveit			

Steinsprang ved Rv15 Kalneset 17.2.21. Geologisk vurdering etter hending

Innleiing

På ettermiddagen 17.2.2021 gjekk det eit steinsprang på Rv15 ved Kalneset i Nordfjord. Det var i hovudsak to større steinblokkar på vegen. Mesta var raskt på staden og vurderte situasjonen. Det var ikkje teikn til ustabile skredmassar i skredbana, og vegen vart rydda og opna. Steinspranget skjedde like før det mørkna og det var ikkje mogleg med meir nøyaktig inspeksjon av området same kveld. Torsdag 18.2 vart området synfara av Jens Tveit og Even Hjelle (begge SVV), samt Vidar Solheim (Mesta). Dette notatet beskriv området, situasjon og vidare arbeid på staden.

Vurdering og tilråding

Historikk

I NVDB er det totalt registrert 8 nedfall på veg ved Kalneset. Skreda består av både is og stein, og losneområda er både i vegskjering og fjell/dalside.

Det er skrive notat etter to hendingar i 2007 av Svein Helge Frækaland (SVV). Då vart det utført reinsk og inspeksjon i terrenget. I notatet vart det tilrådd etablering av fanggjerdje på toppen av skjeringa for å hindre nye nedfall på vegen. Notatet har Sveis-nr 2005/067869-041.

Terreng og topografi

Ved Kalneset ligg vegen om lag 10 meter over havnivå. Det er skjering på innsida av vegen, og vegbana ligg delvis på tørrmur. Skjeringstoppen går over i bratt sideterreng som varierer mellom å vere dekt av vegetasjon og eksponert berg. Det er både svaflatar med dalsideparallel fall og blokkparti med meir varierende oppsprekking. Fjellsida er og lag 150 meter høg før det flatar ut mot toppen. Sjå kart i figur 1 og oversikt over området i figur 2.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Steinsprang 17.02.2021


Losneområdet og treffpunkt på mur over vegen er vist i figurane 3 og 4, medan figur 5 viser steinsprang i vegen onsdag ettermiddag. Vinteren 2021 har vore prega av kaldt ver og mykje oppbygging av is i terreng og skjeringar. I sideterrenget ved Kalneset ligg det mykje is. Is i sprekkar fører til utfordringar med stabilitet grunna påkjenningar ved frostsprenging og oppbygging av is. Er det blokkparti med dårleg understøtte kan oppbygging av is føre til nedfall. Det er tydeleg å sjå at dette er tilfelle i losneområdet. Her har det vore dårleg understøtte, og det er tydeleg mykje is i bakkant av der blokkpartiet var. Når mildveret kom starta smeltinga, og blokka var ikkje lenger frose fast.

Losneområde og skredbane vart inspisert med drone. Det vart ikkje lokalisert lause blokkar eller skade på vegetasjon som utløyser behov for akutte tiltak. Vegen vart halde open, og ingen tiltak vart gjort som følgje av hendinga.

Vidare arbeid

Situasjonen er liknande den i 2007. Då var også frostsprenging utløysande faktor. I 2007 vart det tilrådd å montere fanggjerde på skjeringstopp. Dette vart også tema på synfaring den 18.02.2021. Sjølv om strekket ikkje ligg inne i oversikta over skredsikringsbehov er det utfordringar med nedfall. Det bør vurderast å leggje inn Kalneset i oversikta, og arbeidast vidare med å få på plass sikring av området.

For å vurdere nøyaktig omfang og styrke av fanggjerde og eventuell arbeidsreinsk må det utførast kartlegging av området. Dette bør gjerast når det ikkje er is og snø i området, og det er greitt å få oversikt.



Figur 1 - Kart over området




Figur 2 - Oversikt over området. Foto: J Tveit, SVV



Figur 3 - Losneområde. Merk is på overflata der blokkpartiet var. Foto: J Tveit, SVV



Figur 4 - Nedre del av skredbane. Merk skade på mur over veg. Foto: J Tveit, SVV



Figur 5 - Skredmassar i veg 17.2.21. Foto: V Solheim, Mesta